



5 Oppvekst

Drift

Alle tal i heile 1 000

Teneste	5 OPPVEKST	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
		2022	2022	2022	2021
1250	IKT	2	-	-	-
2110	BARNEHAGE	79 792	80 618	80 142	81 229
2111	STYRKA TILBOD TIL FØRSKOLEBARN	9 586	9 941	9 941	8 503
2120	GRUNNSKOLE	120 925	116 927	115 024	113 368
2121	PEDAGOGISK RETTLEIINGSTENESTE	1 382	1 045	1 045	1 253
2130	VAKSENOPPLÆRING	611	3 721	3 721	1 339
2150	SKOLEFRITIDSTILBOD	3 713	2 718	1 510	2 416
2220	SKOLELOKALER	-	-	-	-3
2230	SKOLESKYSS	2 249	1 657	1 657	2 341
2412	PSYKISK HELSEVERN	4	-	-	-
2423	MOT - PROSJEKTET	311	290	290	339
3830	KULTURSKULE	966	275	275	1 507
Sum gruppeansvar 5 OPPVEKST		219 541	217 193	213 605	212 291

Økonomi

Netto driftsresultat for oppvekstsektoren er 219 541 000

Også i starten av 2022 sette pandemien sitt preg på oppvekstsektoren. Einingane blei råka av smitte og dermed omfattande sjukefråvær både i barnegruppene og blant dei tilsette. Det omfattande fråveræt, saman med trange rammer som ikkje strakk til for lovleg drift, vanskeleggjorde spesielt den tidlege innsatsen og tilbodet til dei barna som trong kontinuitet, tett oppfølging og støtte - utan å ha særskildt rett til spesialundervisning.

Grunna sjukefråvær i skuleleiinga var det konstituerte leiarar på rektor og avdelingsleiar nivå. Dette fordra ekstra oppfølging og støtte og tilførte også sektoren læring, utvikling og eit styrka lag. Det har vore eit stort fokus på å utvikle varige betre praksisar i tråd med styringssignala. Retninga har vore fagleg og politisk forankra, noko som har styrka ei samlande framdrift.

"Det var bra eg kom" er den forankra visjonen for ein god oppvekst i Giske kommune, med David Mitchell sine 10 faktorar for ein inkluderande praksis, som sentralt og felles kunnskapsgrunnlag. Kommunestyret vedtok budsjettjustering for lovleg drift knytt til opplæring og fag, samt

lærernorm, frå august 2022. Vedtaket gav grunnlag for symjeopplæring, som blei igangsett i samarbeid med Bybadet og også Giske idrettslag. Det vart tilsett for lærernorm frå hausten 2022.

Befolkningsframskrivinga viser at utgiftsbehovet i grunnskulen i Giske vil vekse fram mot 2030.

Teneste 2110 Barnehage

Dei kommunale barnehagane drifta med eit overforbruk på samla 6 %. Det har vore fleire småbarn i barnehagane i 2022. Teneste 2010 Førskule og private barnehagar drifta med eit underforbruk på 2,5 mill.

Teneste 2111 Styrka tilbod til førskolebarn

Området gjekk hadde eit resultat på -356 654,- Spesialpedagogane er knytt tett opp til den enkelte barnehage, bidrar i inkluderingsteam og også i avdelingsmøte for slik å skape betre samanheng mellom det allmennpedagogiske og det spesialpedagogiske, for slik å kunne utvikle betre praksisar. Spesialpedagogane har også støtta barnehagane i å utvikle den analytiske praksisen, bruk av analysemodellen.

Teneste 2120 Grunnskule

Grunnskule hadde eit overforbruk på knapt 4 millionar. Grunnskulane har hatt eit stort fokus på å utvikle eit likeverdig tilbod. Det har vore tett økonomioppfølgning. Det meste av overforbruket er knytt til nye oppgåver og tilsetting for meir lovleg drift. Det er tilsett pedagogisk rettleiar, 4 rektorar og 6 nye avdelingsleiarar i grunnskulen dette året. Stillinga som pedagogisk konsulent står vakant gjennom 2021. Dette har medført mykje ekstraarbeid, noko som har gått på bekostning av den vanlege tenesteleveringa.

Teneste 3830 Kulturskule

Kulturskulen gjekk med eit større overforbruk i 2022. Drifta, og dermed tilbodet, i kulturskulen har vorte redusert år for år. Det var utfordrande å redusere drift i tråd med intensjonen. Det var gjort ei feilbudsjettering med tanke på foreldrebetaling.

Kulturskulen er eit viktig supplement til oppvekstmiljøet i Giske kommune, med bidrag for å gjere Giske kommune til ein god plass å vekse opp, gi opplæring og meistring, samt gi barn høve til å følge sin draumar og ambisjonar. Ein av elevane fekk tildelt det prestisjefulle Draumestipendet, eit stipend som går til unge talentfulle utøvarar innanfor kunst og kultur. Kulturskulen er eit viktig bidrag til elever som vil utvikle talentet sitt, samt ei viktig støtte til kulturlivet i Giske kommune. Kulturskulen bidrar med kompetanse og støtte til ungdomskulen sin årlege musikal, og leverer tenester til andre etatar som fører livsglede og meistring.

Teneste 2121 Pedagogisk rettleiingsteneste

Pedagogisk rettleiingsteneste hadde eit overforbruk på ca 130 000. Den endra flyktningsituasjonen kombinert med at stillinga som pedagogisk konsulent står i vakanse gjer at det er estimert at ca 25 % av stillinga knytt til pedagogisk rettleiing grunnskule er knytt til arbeid med flyktningsområdet, vaksenopplæring og grunnskule for vaksne. Dette har generert overtid. Tenesta er tett på utviklinga av varige betre praksisar for ein inkluderande oppvekst i Giske kommune.

Teneste 2130 Vaksenopplæring

Sidan hausten 2020 har Giske kjøpt vaksenopplæringstenester frå Hareid kommune. Avtalen har utløp i august 2023, og det vart valgt å sende ut nytt konkurransegrunnlag for å kunne vurdere tilboda i Ålesund kommune og Hareid kommune opp mot kvarandre.

Teneste 2150 Skolefritidstilbod

Giske har den høgste foreldrebetalinga i fylket. Det blir gjort årlege utrekningar av sjølvkost i SFO-ordninga. Det manglar 20 % på at SFO-ordningane blir drifta til sjølvkost. Nettokostnaden går, i hovudsak, til ekstra tiltak for barn med særskilte behov. SFO fekk ny rammeplan gjeldande frå august 2021. Det vart gratis kjernetid i SFO for alle 1. klassingar frå 1. august.

Teneste 2230 skuleskyss

289 elevar hadde tilbod om skuleskyss hausten 2022 og det var eit overforbruk på vel 500 000 på dette området.

Andel barn (0-18 år) i prosent av samla folketal per 31.12.2022

Som grafen over syner, er Giske den mest barnerike kommunen i fylket. I 2022 vart det fødd 82 barn tilhøyrande Giske kommune. 26 % av innbyggjarane er under 18 år. 45,3 % av kommunen sine netto driftsutgifter går til barnehage og skule. 16,9 % av kommunens går til barnehage, og 28,4 % til grunnskule.

Her finn du fleire fakta om Giske: [Kommunefakta Giske - SSB](#)

Mål	Kva er gjort	Resultat
Bærekraftsmål nr 17: samarbeide for å nå måla	Felles fokus og retning for heile oppvekstområdet, barnehage, skule og SFO. Inkluderande praksis, felles prosedyrer.	Leiargruppa i oppvekstsektoren framstår som eit samla lag. Felles handlingsplan for retten til eit trygt og godt miljø, felles fagdagar for alle tilsette. Felles fagsamlingar for leiarar.
Lovleg drift: -Lærarnormen krev auka lærarinnsats, symjeopplæring, fysisk aktivitet og leksehjelp skal være ein naturleg del av det ordinære tilbodet	Det vart løyvd midlar tilsvarande utrekna manglande lærarnorm frå hausten 2022	Skulane fekk tilsette på lærarnorm frå hausten 2022. Ressursar til tilstrekkeleg tidleg innsats etter §1-4 manglar ved skulane.
Fagfornyinga – nye læreplanar skal setjast i verk frå 2021	Arbeidet med fagfornyinga er i god gjenge, men har blitt utfordra av summen av endra styringssignal (Kompetansereform, Oppvekstreform mm)	Skulane har ikkje i tilstrekkeleg grad fått handlingsrom til å realisere Fagfornyinga.
Redusert omfang av spesialundervisning gjennom tidleg innsats	Fokus på kompetanseheving og samordning, manglande ressursprioritet til tidleg innsats, barnehageområdet har lågast ressursprioritet i landet	Det har vore ei uønska utvikling med større omfang av spesielt små vedtak seint i grunnskuleløpet, noko vi forstår som ein konsekvens av manglande tidleg innsats
Inkluderande praksis "Det var bra eg kom"	Felles fagdag for tilsette i skule og SFO knytt til Inkluderande praksis. Samarbeid mellom oppvekst/PPT/Statped og Regionrådet om kartlegging og kompetanseheving.	Oppvekstsektoren har fått eit samla fokus knytt til inkluderande praksis. Kompetansebehovet er kartlagt og tiltak for kompetanseheving iverksett.
Innføre programmet "På sporet" for elevar som står i fare for å utvikle lese- og skrivevanskar	Videreført til også å gjelde arbeid med grunnleggande begrep BU-modellen	Arbeidet pågår
Vidare arbeid med digitalisering	Stillinga som pedagogisk konsulent står framleis vakant. det er krevjande å sette digital retning for fagleg utvikling i oppvekst utan denne ressursen	Det er lagt ein plan for overgang til INTUNE som flåtestyring for nettbretta.
God kvalitet grunnskule	Årleg tilstandsrapport for grunnskule vart utsett	Denne vart behandla først i 2023
Vidareføre arbeidet med TALK-prosjektet, sosiale læreplanar for menneske med høgtfungerande autismespekterforstyrrelse	Både barnehagane og helsetenestene er no med i prosjektet.	Barn med autismefordringar møter større fagleg kompetanse i barnehage og skule. Den tverrfaglege samhandlinga er satt på agendaen. Det er ønske om å oppretthalde driftinga av nettverk knytt til TALK-kompetansen
Nærvær - sjukefråvær under 6%	Sjukefråværet har ramma den enkelte eining i bølger knytt til smitteutbrot.	samla for oppvekstområdet 9,3 %
God økonomistyring	Månadleg rapportering og oppsummering per tertial.	Det er tett og systematisk økonomioppfølging. det er framleis utfordrande for einingsleiarane å ha lovleg drift innafor tildelte rammer.

Berekraft, bærekraftsmål nr 17, saman for å nå måla

Tilsette i oppvekstsektoren erfarer å ha bruk for eit tettare samarbeid med fokus på å utvikle likeverdige tenestetilbod i barnehage og skule. Det har vakse fram ei forståing av at kapasiteten aukar når tilsette og leing lærer saman og av kvarandre. Teknologisk kompetanse og erfaring med digitale møterom har opna opp for effektivt samarbeid internt i oppvekst, på tvers av einingar og også tverrfagleg. Eit tydeleg frampeik vil vere å utvikle god og effektiv samhandling til beste for barna som veks opp her. I denne samhandlinga vil det også vere rom for føresette, frivillige, lag og organisasjonar.

